

Mai 2010

Våren kom fort og den blir kort, straks er det full sommersesong.

Fylkeskappleiken for Møre og Romsdal.




Kappleiken var i år på Åndalsnes, 17. og 18. mars. Rauma spelemannslag var vertskap for eit rimelig bra gjennomført arrangement. Her er lurgruppa fotografert etter spel i klassa "eldre folkemusikkinstrument senior". Dei spelte godt, noko dommarane var einig i og gav fin omtale til. Ingen konkurrentar, - men dei hadde nok feid dei alle andre av bana 😊

Laget deltok i dei fleste klassar; lagspel junior utan komp, song lag og solo, dans par og lag, lurspel og bukkehorn lag og solo, spel solo i fele og hardingfele.



Sindre vann hardingfele kl C, men hadde vel kanskje største prestasjonen på scena av alle utanom konkurranse.... Har vart sittande og spele til stort sett alle danseinnslag. Han spelte så sveitten rann ☺. Frå Hellesylt gjengen fekk han tidenes fulleste godtepose som takk for hjelpa. For en flott musikk å danse til!!!

Laget hadde sovesal på skulen like ved. Om laurdag kvelden laga vi taco og masse snop blei kjøpt inn. Mmmm. Alle kosa vi oss utover kvelden med lokal konkurranse i "Norske Talenter". Etterpå vart det dans på lokalet. Kjekt at vi endelig fikk lagspel med komp konkurransen under dansen laurdag kveld. Det har eg argumentert for i fire-fem år. Det virka som alle var fornøgde med den ordinga. Og ein trengde tida. Søndag var gammal då vi endeleg fekk snu nasa heim på snødekte veger. Mange hadde skifta til sommardekk og det var mange farlige biler å møte. Det gjekk heldigvis bra med alle folkemusikkinteresserte.



Frå laget stilte desse: Jacob Thorseth Eliassen, Maria og Rita de Franco Molnes, Ingrid og Nora Moen, Arne, Sigrid og Marie Styve, Camilla Bjørlykke, Pernille Bjerkevoll, Sivelin Talberg, Marit Krogsæter, Kjetil Åmelfot, Sindre, Sture, Solfrid og Svein Vatnehol.

Neste fylkeskappleik blir i april 2011 i Valldalen.

Konsert på parken kulturhus, 9. mai

Det skal være en konsert i forbindelse med 65 års jubileet for frigjeringsdagen.

Vi stiller med dansepar til Ørskog trekkspelklubb. Strykeorkesteret og Brage vert også med på konserten.

Opning for St. Olavs hospital i Trondheim 12. juni.

Vi har fått invitasjon til å bli med på ei storstilt opning der både kongen og dronninga vil være tilstade. Det skal spelast eit fellesnummer i lag med The Brazz Brothers. Lag frå Molde og Kristiansund vil også være der. Det var rift om plassen og me fekk lov til å sende 10 spelemenn. I tillegg blir det buskspel rundt om på sjukehuset sine forskjellige avdelingar.

Sommarkonsertane

Også i år har laget fått en del bestillingar, og det er godt, det er god inntekt og me kan ha god økonomi i laget utan kaketombola og dugnader. Informasjon om konsertar og påmeldingsliste går til dei som er aktive på øvingane, og via laget sine heimesider (<http://www.alesundspelemannslag.no/>).



Vardehuset.

Huset vil være innflyttingsklart i juni. Det blir veldig flott, og vi trur at det vil bli stor forskjell for oss å ha øvingane der. Det blir lydette rom på loftet, slik at vi ikkje forstyrrar kvarandre.

Sommaravslutning

Me avsluttar sesongen som vanleg med sommaravslutning på Sunnmøre Museum 9. juni.

Styret

Solfrid